



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 28.06.2016
Vår ref: 16/00855-2
Deres ref: 15/3983 - 16/13064

Fråsegn til offentleg ettersyn av framlegg til planstrategi og planprogram for samfunnsdelen for Lindås kommune

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 40 50
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 20. mai 2016.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansaker.

Saka

Lindås kommune ber om innspel til utarbeiding av kommunal planstrategi og planprogram for samfunnsdelen.

DMF kan ikkje sjå at det er gjort nokon grundig vurdering av ressursituasjonen eller behovet for mineralske ressursar i kommunen i den gjeldande kommuneplanens arealdel for Lindås kommune.

Viktige føringar for mineralressursar i planarbeidet

I Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015, heiter det at Noreg har store mineralressursar som det moderne samfunnet har behov for og utvinning kan gje grunnlag for verdiskaping. Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre tilgang til gode mineralreservar i framtida, og for å ta hand om andre miljø- og samfunnsomsyn.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- *Fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng.*

Forvaltning av ikkje-fornybare resursar

Som dei nasjonale forventningane legg vekt på, omfattar forvaltning av mineralressursar ikkje berre å avsette nye område for råstoffutvinning. Det inneber og å sikre tilgjenge til gode mineralførekomstar for framtida og komande generasjonar. Det inneber at kommunen, så langt som mogleg, bør unngå å bandlegge registrerte



mineralressursar gjennom arealbruk som kan føre til førekomstlar blir bygd ned, eller legg andre avgrensingar for framtidig utnytting av ressursane.

Gjennom god planlegging kan kommunane og regionen skaffe seg oversikt over kor langt fram i tid eksisterande massetak og råstoffområder dekker behovet for byggeråstoff.

Uttale til saka

For å få ei god og berekraftig forvaltning av våre mineralressursar oppmodar DMF til at det lages temaplanar for mineralressursar. Planane kan lages som kommunedelplanar i kvar enkelt kommune, men vi oppmodar sterkt til at det blir utarbeidd regionale planar for mineral ressursar. Dette er i tråd med Regjeringas nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging som spesifikt seier at behovet for og tilgangen på byggeråstoff ses i ei regional samanheng.

I databasane hjå Noregs geologiske undersøking (NGU) er det registrert ein del malmførekomstlar og områder for pukk og grus i kommunen. Mellom anna er det pukk/grus og sandførestar som er gitt verdiane viktig (for kommunen) og nasjonalt viktig.

Oppslaga i grus-, pukk- og steintippdatabasane finnest på følgjande internettadresse: http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Oppslag.Alle_fkom_komm?p_kommunenr=1263.

Oppslag i malm-, industrimineral- og natursteinsdatabasane finnest på følgjande internettadresse: http://aps.ngu.no/pls/oradb/minres_Mi_list_fkom.Alle_fkom?p_kommunenr=1260R&p_sprak=N.

DMF anbefaler derfor at kommunen legg inn i planstrategien at det skal gjerast ei kartlegging av ressurstilgang og behov for mineralressursar, helst før arbeidet med neste revidering av kommuneplanen startar opp, eller som ei del av prosessen.

For nærmare informasjon om mineralloven med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

Marte Kristoffersen
seksjonsleiar

Vegar Christoffersen Walsø
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.
Saksbehandlar: Vegar Christoffersen Walsø



Mottakere:

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Kopi til: